

**Invitasjon til kurs:**  
**Korleis selge til det offentlege**

Dammerud Kompetanse AS har i samarbeid med advokatfirma DLA Piper gleda av å invitere til kurs i offentleg anskaffelse for leverandørar. Kurset gjev oppdatering på ny lov og regelverk som gjeld frå nyttår, samt praktiske tips på korleis ein kan finne, lese, og svare på konkurransegrunnlag frå oppdragsgjevar.

Når:	<b>Fredag 25.november 2016 kl. 09.00 – 16:00</b>
Kvar:	<b>Quality Ulstein Hotell – Ulsteinvik</b>
Kva:	<b>Leverandørkurs:</b> J Øversikt over den offentlege marknaden med fokus på Nordvestlandet. J Ny lov og forskrifter som gjeld frå 01.01.17. J Lære korleis akkurat di bedrift kan komme i posisjon til å vinne anbod i offentlege anskaffelser. J Praktisk tilnærming til korleis finne, lese og svare på konkurranser frå offentlege oppdragsgjevarar.
Passer for	Kurset passar for alle som selger eller ynskjer å selge varer, tenester, byggeoppdrag mv til det offentlege marknaden lokalt og nasjonalt.
Arr:	Dammerud Kompetanse AS
Pris	2.800,- pr. deltakar inkl. lunch, kaffi og materiell
Påmelding	Snarast til <a href="mailto:post@dammerudkompetanse.no">post@dammerudkompetanse.no</a> eller telefon +47 913 59 670

**\*Begrensa tal på plassar. Forbehold om tilstrekkeleg påmelding.**

For å være sikra plass på dette kurset, må påmelding være motteken innan 11.11.16 kl 14:00.  
Påmeldingar etter dette vil få tilbod på nytt kurs dersom første kurs vert fullteikna.

**Send påmelding no til [post@dammerudkompetanse.no](mailto:post@dammerudkompetanse.no):**  
(send eit skjema for kvar deltakar eller ring påmeldinga inn til 913 59 670)

Firma:	
Bransje:	
Namn:	
Epost:	
Mobil:	
Faktura til:	

Bindande påmelding. Faktura sendast ut på epost.

Sjå også side 2 for meir om tema og kort om foredragshaldarane.

### **Nytt regelverk:**

Ny lov og forskrift om offentlig anskaffelse er vedteken med verknad frå 01.01.17. Nytt regelverk medfører ein del vesentlege forenklingar og endringar som påverkar rolla som selgar, og korleis ein må innrette seg for å møte den offentlege marknaden. Samstundes vil endra terskelverdiar medføre risiko for mindre open tilgang til konkurranse, og regelverket gjev også oppdragsgjevar større fridom til valg av konkurranseform, forhandlingar mv. Få ein strukturert og god første gjennomgang av reglane på dette kurset.

### **Orientere seg i jungelen:**

Mange opplever det å orientere seg i anskaffelser som vanskeleg. Gjennom praktiske råd og tips får du her sjå korleis oppbygginga av eit grunnlag er, kva du skal sjå etter, og korleis du skal bygge ein strategi for å komme i best mogeleg posisjon som leverandør når du skal gje inn tilbod.

### **Krav om elektroniske tilbodsverktøy:**

I regelverket ligg også krav om overgang til elektronisk konkurransegjennomføring. Innan kort tid vil alle anskaffelser måtte gjerast elektronisk i godkjende løysingar som sikrar tilbodslevering og integritet for tilbod til tilbodsfrist. Lær meir om kva som finst og korleis de kan møte dette.

### **Foredragshaldarar:**



Senioradvokat Line Voldstad og advokatfullmektig Morten Gullhagen-Revling vil delta frå DLA Piper. DLA Piper er eit av verdas største advokatkontor, med kontor i over 30 land. DLA Pipers anskaffelsesteam har brei erfaring frå dei fleste offentlege kontraktstypar og bransjer - herunder bygge- og anleggskontrakter, rådgivnings- og IT-kontrakter, forsvars- og sikkerhetsanskaffelser, samt transport- og forsyningskontrakter. I tillegg har DLA Piper betydeleg prosesserfaring og har bistått i ein rekke forføyningssaker og andre rettsprosesser i tilknytning til regelverket.



**Dammerud  
Kompetanse AS**  
- anskaffelse gjort enkelt



Dammerud Kompetanse AS er eit rådgjevingsselskap med tilhald på Stålhaugen i Ulsteinvik. Vi har brei erfaring med gjennomføring av alle typer anskaffelser, samt konkurranseutsetting og kontraktstyring av offentlege tenester. Med 20 års erfaring innan leiring og innkjøp i offentlig sektor, kan Dammerud Kompetanse AS tilby praktisk rådgjeving og bistand til oppdragsgjevarar og leverandørar med fokus på god problemløysing.